

«Adresseblokk»

Avtale om deltaking i prosjektet vekslingsmodellen

Det er per. dags dato inngått følgjande avtale om undervisning i skule og læretilhøve mellom

Elev:

Person nr.:

Adresse:

Mobiltf.:

Bedrift/opplæringskontor: **Byggmestrenes Servicekontor AS**

Skule: **Slåtthaug Videregående Skole**

1. Oppstart

Vekslingsmodellen er eit prøveprosjekt der deltakande ungdommar vil ha elevstatus første termin/ halvår. Prosjektet startar opp med ein termin i skule frå august 2016.

2. Læretid i bedrift/opplæringskontor

Dersom partane blir samde om det skal det inngåast lærekontrakt i tømrarfaget etter første termin. Lærekontrakten har ei lengde på tre og eit halvt år.

Deltakarane er ikkje garantert læreplass, det er opp til bedrifta/opplæringskontoret kven dei vil tilsette og teikna lærekontrakt med, men intensjonen med prosjektet er at deltakarane skal teikne lærekontrakt i faget dei har valt etter første termin.

Når lærlingen er i bedrifta skal han/ho følgje arbeidstida og arbeidsreglementet ved arbeidsplassen. Sjå elles punkt 4 om lover og reglar.

3. Tilhøvet til Slåtthaug Videregående Skole

Deltakarane vil være full tid i skule i første termin. Undervisninga vil bli gitt ved Slåtthaug videregående skule. I læretida i bedrift vil lærlingane periodevis vere tilbake i skulen for å få undervisning.

Prosjektet «Vekslingsmodellen» er organisert som 4 års parallell opplæring i bedrift/skule. Normalt skal opplegget føre eleven/lærlingen fram til fag-/sveinebrev, og grunnlaget er difor ordinær læreplan. I staden for standpunktkarakterar i programfaga legg vi opp til at kandidatane skal ta sentralgitt, tverrfagleg eksamen etter Vg3-læreplanen.

Når opplæringa går føre seg i regi av skulen, har eleven rettar og plikter som elev i samsvar med skulereglementet og opplæringslova med forskrifter.

Eleven vil få opplæring etter gjeldande læreplanar og etter opplæringsplan tilpassa den enkelte, slik ein føreset i prosjektet.

Vekslingsmodellen følgjer eit anna løp enn normalmodellen, som er 2 år i skule og deretter 2 år i bedrift.

Deltakarane må difor vere klar over at dersom dei vel å slutte i prosjektet, vil dette kunne ha som konsekvens at dei må begynne heilt på nytt i eit ordinært Vg1-løp.

Ordinære omvalsreglar vil gjelde.

Vi gjer merksam på at sidan Vekslingsmodellen er eit prøveprosjekt, vil detaljar i modellen kunne bli endra etter kvart som vi får erfaringar frå prosjektet.

4. Lover og reglar

Når lærekontrakt er inngått, gjeld dei same reglane som for ordinære læreforhold. Partane skal halde seg til reglane som går fram av opplæringslova, arbeidsmiljølova og ferielova. Dette medfører blant anna at lærekontrakten er eit mellombels arbeidsforhold, slik at arbeidsforholdet sluttar ved utløpet av lærekontrakten.

Avtalen er gjennomgått, forstått og akseptert.

Stad/dato:.....

Stad/dato:.....

.....
Elev

.....
Rektor Slåtthaug VGS

Stad/dato:.....

Stad/dato:.....

.....
Føresett

.....
Daglig leiar Byggmestrenes Servicekontor AS